

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 26.05.2023  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Erik M. Hansen  
**SAKA GJELD:** **Styringsstruktur for digitalisering**

**ARKIVSAK:** 2021/1315  
**STYRESAK:** **056/23**

**STYREMØTE:** **14.06. 2023**

### Administrerende direktør si orientering pkt. 9

---

#### Bakgrunn

Målet med endringa er at Helse Vest sin styringsstruktur for digitalisering skal understøtte kontinuerleg forbetring, slik at helseføretaka i Helse Vest er i stand til å møte framtidige krav til kapasitetsutfordringar.

#### Intensjon med ny styringsstruktur

Intensjonen med ny styringsstruktur er å legge til rette for raskare konklusjonar og raskare endringar/forbetringar som svarer ut føretaka sine IKT behov. Styringsstrukturen skal resultere i meir brukarvennlege, tilgjengelege og samanhengande digitale løysingar. Styringsstrukturen må vidareføre regional tilnærming til felles løysingar, men samtidig ivareta variasjonar mellom føretaka, både i forhold til ambisjonar innanfor digitaliseringsområdet og ulike operasjonelle behov. Prinsippa i styringsstrukturen som skal lede Helse Vest i retning av denne intensjonen er;

- **«Rammer defineres i fellesskap**
  - *Strategisk retning.*
  - *Overordnet rammer.*
  - *Prioritering av utviklingsinitiativer.*
- **Samlet styring av forvaltning og kontinuerlig forbedring**

- *Utviklingsinitiativer innenfor samme funksjonsområde, har felles ledelses og beslutningsstruktur.*
- *Ansvar og myndighet ivaretas gjennom tett kobling til linjestruktur.*
- **Utvikling tett på linjen og brukerne**
  - *Utviklingsinitiativene bygger på pasientenes og helseforetakenes behov*
  - *Løses tett på behovseier.*
  - *Behovene skal være styrende for hvilke utviklingsinitiativer som prioriteres.*
- **Beslutning på lavest mulig nivå**
  - *Tas på lavest mulig nivå med tydelige eskaleringsmekanismer når løsningen utfordrer rammene (mennesker og økonomi og arkitektur.)»*

Det er ein viktig erkjenning at det vil kunne oppstå motsetningar mellom desse prinsippa for styringsstrukturen. Figuren nedanfor illustrer korleis den felles ambisjonen om å etablere ein samla styring av forvaltning og kontinuerleg forbetring kan utfordrast i to retningar.




Det vil kunne oppstå helt ulike syn på prioritering av *felles rammer* versus *utvikling tett på linja med avgjerder tatt på lågast mogelege nivå*. Det vil være ei viktig oppgåve for digitaliseringsstyret å handtere desse mogelege motsetnadane.

## Mandat og områdeinndeling

*Mandat* for Digitaliseringsstyret, Digitaliseringssekretariatet og generisk mandat for områdestyrer inkludert skildring av roller er utarbeida av ei regional arbeidsgruppe, og har vore sendt ut på ei runde for innspel frå alle helseføretaka, inkludert Helse Vest IKT. Det er også gjennomført dialog med KTV/HVO i fleire møter.

Skisser til *områdeinndeling* har vore diskutert i den regionale arbeidsgruppa og i fleire ulike regionale fora for innspel, men områdeinndelinga har ikkje vore til same omfattande innspelsrunde i føretaka eller i Helse Vest IKT.

Figuren nedanfor viser områdeinndelinga som vert lagt til grunn ved starten av arbeidet. Området Pasientbehandling er ikkje ferdig inndelt. Dette arbeidet er lagt til områdestyret, som vil organisere dette store området i 3 til 6 delområde.



Mandat og områdeinndeling vert vurdert til å vere på god veg til å svare ut to av de fire prinsippa;

- *Rammer vert definert i fellesskap*
- *Samordna styring av utviklingsinitiativ*

Det er framleis ein veg å gå for å bevege Helse Vest i retning av at dei to andre prinsippa også vert svart ut;

- *Løysingar vert utvikla tettare på linja/brukarane*
- *Avgjerder vert tatt på lågast mogelege nivå*

Digitaliseringsstyret og styret for Helse Vest IKT skal avgjerda dei overordna måla for arbeidet med digitalisering. Områdestyra er eigar av visjon, retning og planer/vegkart for dei respektive områda. Områdestyra er også ansvarleg for styring av aktivitetar og økonomi for forvaltning og utvikling i de respektive områda.

Konsekvens av denne endringa er at dagens Porteføljestyre og Teknologiråd vert avvikla. Videre vil andre forum verte konsolidert i takt med at områda vert operasjonalisert, som for eksempel ulike forvaltnings- og styringsorgan, programstyrer, styringsgrupper, etc.

## Vegen vidare

Digitaliseringsstyret vart godkjent i Direktørmøtet 15.05.2023 og områdeeigarar vart utpeikt i same møte. Med det som startpunkt for etableringa av den nye styringsstrukturen for digitalisering, vil følgjande skje vidare;

- *Områdestyrer vert godkjent i Digitaliseringsstyret 12.06.2023.*
- *Områdeleiarar skal peikast ut.*
- *Detaljar for kvart område skal definerast.*
- *Personell skal allokeraast til kvart område.*
- *Det skal utarbeidast ein strategi for digitalisering i Helse Vest (basert på «Nasjonal helse- og sykehusplan», regional utviklingsplan, vegkart for digitalisering, med meir). Denne strategien vil vere utgangspunktet for oppdragsdokument til områda for 2024.*
- *Områda får sitt fyrste områdeoppdragsdokument i forkant av 2024.*
- *Områda går inn i sitt første driftsår frå 01.01.2024.*

## Oppsummering

Endra styringsstruktur for digitalisering vil sette helseføretaksgruppa Helse Vest i stand til å få ein samla styring av forvaltning og prosjekt. Det blir redusert tal styringslinjer og aktørane får formaliserte mandat og roller. Dette markerer eit steg i riktig retning i å ta Helse Vest frå organisering av arbeidet gjennom store program/prosjekt til organisering gjennom meir kontinuerleg forbetring innanfor digitaliseringsområdet der også mindre omfattande forbetningsinitiativ når frem i prioriteringa.